

Radøy kommune, del av gnr 44 bnr 2 mfl.

Detaljregulering for Mangersnes bustadfelt, planid. 12602011000400

Saknummer	15/6266
Sist revidert	15.10.2015
Vedtatt av kommunestyret	

FØRESEGNER

1. Felles føresegner (pbl. § 12-7)

1.1. Grad av utnytting (pbl. § 12-7 nr 1)

1.1.1. Utnyttingsgrad er vist i plankartet som % BRA.

1.1.2. Garasje og parkering skal inngå i berekning av utnyttingsgrad med minimum 36 m² per bueining.

1.2. Byggehøgder (pbl. § 12-7 nr 1)

1.2.1. Byggehøgder er vist i plankartet som kotehøgde BH=K+ for topp møne.

1.3. Utforming og estetikk (pbl. § 12-7 nr 1)

1.3.1. Tiltak i området skal utformast med god materialbruk og høg arkitektonisk kvalitet. Det skal oppnåas ein god funksjonell og arkitektonisk heilhet i forhold til eksisterande omgjevnad og fjernverknad.

1.3.2. Materialbruken skal i hovudsak vere tre, murverk og naturstein, og fargesettinga skal vere jord- og bergfargar. Bustaden i området skal ha einskapleg arkitektur og fargesetting.

1.3.3. Garasje, bodar og andre frittliggjande småhus skal ha same arkitektoniske utforming og fargeval som bustadene i delfeltet.

1.3.4. Ved søknad om rammeløyve skal det sendes inn en smala overordna plan for arkitektonisk utforming. Planen skal vise fasade materialar, farger, bygningsformar, tak former, terrasser og balkongar.

1.4. Byggegrenser (pbl. § 12-7 nr 2)

- 1.4.1. Byggegrense mot sjø er vist i plankartet. Det kan ikkje utførast tiltak utanfor byggegrense mot sjø.
- 1.4.2. Byggegrense mot veg er vist i plankartet. Garasje, planeringstiltak, avkjørsle, intern veg, parkering, snuplass og mindre murar er tillat innafor byggegrense mot veg. Garasje kan førast opp inn til 1 meter frå vegkant. Murar med ein maks høgde på 0,5 meter kan førast opp inn til 0,5 meter frå vegkant.
- 1.4.3. For BFS21-BFS26 fell byggegrense mot veg saman med sikringssone-branngate. På desse eigedomane kan garasje/bod eller andre byggverk førast opp innafor byggegrense og sikringssone.

1.5. Terrenghandsaming (pbl. § 12-7 nr 4)

- 1.5.1. Tiltak skal tilpassast eksisterande terreng og plasserast på ein måte som gjev minst mogleg terrenginngrep. Terrenglinje for planert terreng skal i størst mogleg grad følgje same kurve som eksisterande terreng.
- 1.5.2. Høge skjeringar og støttemurar over 2 meter er ikkje tillat. Dersom nødvendig med høgare murar enn 2 meter skal dei terrasserast. Skråningar skal ikkje vere brattare enn 1:1,5.
- 1.5.3. Planering i bustadområda er bare tillat i byggegrop og for tilrettelegging for parkering og tilkomst.
- 1.5.4. Naturlege terrengformasjonar, høgdar i terrenget og vegetasjon skal takast vare på, og vere buffersonar mellom eigedomar og formål.

1.6. Krav til uteopphaldsareal (pbl. § 12-7 nr 4)

- 1.6.1. Bustadene i BFS skal ha privat uteopphaldsareal på minimum 200 kvm for hovudeining og minimum 25 kvm for sekundæreining.
- 1.6.2. Bustadene i BKS skal ha privat uteopphaldsareal på minimum 25 kvm per bueining.
- 1.6.3. Bustadene i BBB skal ha privat uteopphaldsareal på minimum 7 kvm.

1.7. Krav til leikeareal og uteopphaldsareal (pbl. § 12-7 nr 4)

- 1.7.1. I bustadområde skal det setjast av minimum 50 kvadratmeter felles leikeareal og uteopphaldsareal per bueining i område for frittliggjande bustadar, og minimum 25 kvadratmeter i område med konsentrert busetnad.
- 1.7.2. Deler av arealet kan etter samtykke frå plan- og bygningsmynda kompenseras av nærliggjande natur- og friluftsområde.
- 1.7.3. Areal for felles leik skal vere sentralt plassert i høve til flest mogleg bustadar og i høve til grøndrag i nærleiken.
- 1.7.4. Areal for felles leik skal vere egna for leik og opphald heile året og for ulike aldersgrupper
- 1.7.5. Areal for felles leik skal ha solrik plassering og vere skjerma mot sjenerande vind, ureining, støy, sterke elektromagnetiske felt, trafikkfare og anna helsefare.
- 1.7.6. Areal utandørs ekvivalent støynivå over 55 dB(A) og areal sett av til køyreveg, parkering og fareområde kan ikkje reknast som leikeareal.
- 1.7.7. Areal avsett til leik skal som hovudregel ikkje vere brattare enn 1:3 og smalare enn 10 meter. Brattare eller smalare areal må ha særskilde kvalitetar, til dømes egna til akebakke
- 1.7.8. Minste uteopphaldsareal (MUA) skal vere 200 m² for frittliggjande bustadar og fritidsbustadar.

1.8. Krav til universell utforming (pbl. § 12-7 nr 4)

- 1.8.1. Område BBB1 og BBB2 har krav til universell utforming av ute- og fellesareal.

1.9. Tal bustader og storleik (pbl. § 12-7 nr 7)

- 1.9.1. Største tal bueiningar i planområdet er 90 og minste tal bueiningar i planområdet er 80.
- 1.9.2. Bustadene skal ha variasjon i storleik for å leggje til rette for fleire aldersgrupper. Minste buareal for hovudeining skal vere 50 kvm BRA.

1.10. Krav til parkering (pbl. § 12-7 nr 7)

- 1.10.1. Det skal vere 2 parkeringsplasser per BFS og BKS, BBB2 og 1,5 parkeringsplassar per enhet i BBB1.

1.11. Rekkefølgekrav (pbl. § 12-7 nr 10)

- 1.11.1. Det skal liggje føre godkjent VA-rammeplan før det vert gjeve rammeløyve for tiltak i planområdet.
- 1.11.2. Det skal liggje føre godkjent renovasjonsplan før det vert gjeve rammeløyve for tiltak i planområdet.
- 1.11.3. Det skal liggje føre godkjente tekniske vegplaner for offentleg veg før det vert gjeve rammeløyve for tiltak knytt til offentleg veg.
- 1.11.4. Det skal liggje føre geologisk undersøking og skredfarevurdering, og eventuelt skredsikringsplan, før det vert gjeve rammeløyve for tiltak i planområdet.
- 1.11.5. Eventuelle skredsikringstiltak for delområdet vere ferdigstilt før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for bustaden.
- 1.11.6. Felles køyreveg f_SKV2 og fortau f_SF2, og køyreveg til aktuelt delområde, vere ferdigstilt før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for bustadene.
- 1.11.7. Felles VA-anlegg for aktuelt delområde vere ferdigstilt før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for bustadene.
- 1.11.8. Leikeklass f_BLK1 skal vere ferdigstilt før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for bustadene i BFS 1 – BFS4, BSK1 og BBB1.
- 1.11.9. Leikeklass f_BLK2 skal vere ferdigstilt før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for bustadene i BFS11-BFS27.
- 1.11.10. Leikeklass f_BLK3 skal vere ferdigstilt før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for bustadene i BKS2.
- 1.11.11. Leikeklass f_BLK4 skal vere ferdigstilt før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for bustadene i BKS3-BKS4 og BBB2
- 1.11.12. Møteplassar langs kommunal veg skal vere ferdigstilt før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for bustadene i BBB1, BBB2, BKS2-BKS4, BFS11-BFS26.
- 1.11.13. Fortau langs kommunal veg skal vere ferdigstilt før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for bustaden i BBB2, BKS2-BKS4, BFS11-BFS26.
- 1.11.14. Felles post- og renovasjonsplass skal vere ferdigstilt før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for bustadene i BBB1, BBB2 og BKS2-BKS4.

1.11.15. Branngate skal vere etablert før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for bustadene i BKS3, BKS4, BBB2 og BFS21-BFS26.

1.11.16. Felles kai skal vere opparbeidd før det vert gjeve ferdigattest/bruksløyve for felles naust/sjøbodar.

1.12. Krav til VA-rammeplan (pbl. § 12-7 nr 12)

1.12.1. Det skal utarbeidast VA-rammeplan for planområdet som viser leidningstrase for vass- og avlaupsleidningar, tilkoplingspunkt for kommunalt leidningsnett, tilkoplingspunkt for den einskilde eigedom, kummer, brannkummar, pumpar, reinseanlegg og system for overvatn. VA-rammeplanen skal godkjennast av VA-etaten i kommunen.

1.12.2. Godkjent VA-rammeplan skal liggje ved søknad om rammeløyve for teknisk infrastruktur.

1.13. Krav til Tekniske vegplaner (pbl. § 12-7 nr 12)

1.13.1. Det skal utarbeidast tekniske vegplaner for offentlege vegar i planområdet. Tekniske vegplaner skal godkjennast av aktuell vegstyresmakt.

1.13.2. Godkjente tekniske vegplaner skal liggje ved søknad om rammeløyve for teknisk infrastruktur.

1.14. Krav til renovasjonsplan (pbl. § 12-7 nr 12)

1.14.1. Det skal utarbeidast renovasjonsteknisk avfallsplan for planområdet. Planen skal godkjennast av NGIR.

1.14.2. Godkjent renovasjonsplan skal liggje ved søknad om rammeløyve for tiltak i planområdet.

1.14.3. For BBF1, t.om. BBF26 og BKS1 kan det opprettas felles boss plass innanfor N/G3, N/G1 og f_SVG2.

1.15. Krav til utomhusplan (pbl. § 12-7 nr 12)

1.15.1. For kvart delområde skal det utarbeidast utomhusplan i 1:200 som skal vise omriss av bygningar, privat og felles uteopphaldsareal, parkeringsareal/garasjeplassering, avkjørsle, snuplass på eiga grunn, interne vegar, gangvegar, fyllingar, skjeringar, skråningar, murar, terrasser, trappar, rekkverk, plantefelt og eventuell fast møblering. Utomhusplanen skal vere påført kotehøgder og vise at samanhengen med tilstøytande areal er ivaretatt. Planen skal også vise at krav til sikt i avkjørsel og trinnfri gangtilkomst er ivaretatt.

1.15.2. Der det er krav om universell utforming må utomhusplanen vise at vilkåra for universell utforming er oppfylt.

1.15.3. Utomhusplan skal liggje ved søknad om rammeløyve for tiltak i bustadområda.

1.16. Krav til plan for handtering og deponering av massar (pbl. § 12-7 nr 12)

1.16.1. Det skal utarbeidast plan for handtering og deponering av massar for planområdet.

1.16.2. Planen skal vise massebalansen i planområdet med oversikt over overskotsmasse og underskotsmasse i kubikk for kvar type masse, plan for deponering av overskotsmasser og tilkøyring av underskotsmasse, plan for dokumentasjon for at levering/henting av masser skjer til lovleg deponi og plan for ansvar og internkontroll for massehandtering.

1.16.3. Planen skal vise trong for eventuell mellombels massedeponi.

1.16.4. Plan for massehandtering skal liggje ved søknad om rammeløyve for tiltak i planområdet.

1.17. Krav til geologisk undersøking (pbl. § 12-7 nr 12)

1.17.1. Det skal gjennomførast geologisk undersøking i planområdet og utarbeidast skredfarevurdering. Om skredfarevurderinga viser at det må setjast inn sikringstiltak skal det utarbeidast geoteknisk plan for skredsikring.

1.17.2. Skredfarevurderinga og eventuelt sikringsplan skal liggje ved søknad om rammeløyve for tiltak.

1.18. Offentlege- og fellesområder (pbl. § 12-7 nr 14)

1.18.1. Kva som er offentlege og kva som er fellesområder er vist med o_ og f_ på plankartet.

1.18.2. Fellesområder skal vere ope for ålmenn ferdsle

2. Bustader og anlegg (pbl. § 12-5 nr 1)

2.1. Bustader – frittliggjande småhus (BFS)

2.1.1. BFS1-BFS4, BFS6 og BFS11-BFS26 er områder for nye frittliggjande bustader med tilhøyrande anlegg . Bustadene kan ha sekundæreining på inn til 50 kvm.

2.1.2. I BFS 21 – BFS24 og BFS25 – BFS26 kan bustadene førast opp som einebustader i rekke med carport/garasje i mellom.

2.1.3. BFS5, BFS7 og BFS8 er område for framtidig bustad med tilhøyrande anlegg. Endring av eksisterande fritidsbustader på eigedomene kan tillatas når tekniske krav til bustad vert lagt til grunn.

2.1.4. BFS9 og BFS10 er område for eksisterande bustad med tilhøyrande anlegg.

2.1.5. I BFS kan det førast opp 1 garasje på inn til 50 kvm BRA. Maks mønehøgde for garasje er 4 meter og maks gesimshøgde er 3 meter.

2.1.6. BFS skal ha snuplass for bil på eiga grunn.

2.2. Bustader – konsentrerte småhus (BKS)

2.2.1. BKS1-BKS4 er område for konsentrerte småhus med tilhøyrande anlegg.

2.2.2. I BKS1 kan det førast opp 2-mannsbustad.

2.2.3. I BKS 2 – BKS4 kan det førast opp rekkehus.

2.2.4. I BKS kan det førast opp 1 garasje per buening på inn til 50 kvm BRA. Maks mønehøgde er 4 meter og maks gesimshøgde er 3 meter.

2.3. Bustader – blokker (BBB)

2.3.1. BBB1 og BBB2 er område for blokker med tilhøyrande fellesareal.

2.3.2. Det kan førast opp blokker/terrasseblokker for BBB1 inn til 2 høgder og carport-parkering.

2.3.3. Det kan førast opp blokker/terrasseblokker for BBB2 inn til 3 høgder og underjordisk kjellar.

2.3.4. BBB2 kan ha felles parkeringsanlegg i kjeller.

2.4. Avlaupsanlegg (BVF)

2.4.1. BVF er område for felles avlaupsanlegg.

2.5. Energianlegg

2.5.1. Innanfor naturområdet-grøntstruktur eller LF kan det avsettes et areal til trafostasjon. Minimum 2,5m x4m.

2.6. Naust/badhus(N/B)

2.6.1. N/B er område for felles naust/badehus med kaifront/brygge.

2.6.2. Tillate bruksareal (BRA) vert maksimalt 40 m²

2.6.3. Naust skal ha saltak med ein tankvinkel mellom 35 og 40 grader.
Altan/utkraging er ikkje tillate.

2.6.4. Mønehøgde skal være maksimalt 5,5 m frå golv/brygge.

2.6.5. Vindus arealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3% av T-BRA for hovudplanet.

2.7. Leikeplass (BLK)

2.7.1. BLK er område for felles leikeplasser. Se krav paragraf 7.4

3. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. § 12-5 nr 2)

3.1. Køyreveg (SKV)

3.1.1. o_SKV1 er kommunal veg og er regulert med ein breidde på 6 meter. Mindre avvik i plassering kan akse

3.1.2. f_SKV2 er felles veg og er regulert med ein breidde på 4 meter. Mindre avvik i plassering kan aksepteras.

3.1.3. f_SKV3 er felles veg for BFS9 og BFS10 opparbeidast som vist på plankart.
Bredde på 2,5-4 meter. Mindre avvik i plassering kan aksepteras.

3.1.4. f_SKV4 er felles veg for BFS5, BFS6 og BFS8 opparbeidast som vist på plankart.
Bredde på 2-3 meter. Mindre avvik i plassering kan aksepteras.

3.1.5. f_SKV5 er felles veg for BFS7 og BKS2 og er regulert med ein breidde på 4 meter. Mindre avvik i plassering kan aksepteras.

3.1.6. f_SKV6 er felles veg for BFS 13-20 og er regulert med ein breidde på 4 meter.
Mindre avvik i plassering kan aksepteras.

3.1.7. f_SKV67 er felles veg for BFS 11-22 og er regulert med ein breidde på 3,5 meter. Mindre avvik i plassering kan aksepteras.

3.1.8. f_SKV8 er felles veg for BKS3, BKS4 og BBB2 og er regulert med ein breidde på 4 meter. Mindre avvik i plassering kan aksepteras.

3.1.9. f_SKV9 er felles veg for BFS21 – BFS26 og regulert med ein breidde på 4 meter. Mindre avvik i plassering kan aksepteras.

3.2. Fortau (SF)

3.2.1. o_SF1 er fortau langs kommunal veg.

3.2.2. f_SF2 og f_SF3 er fortau langs felles veg.

3.2.3. Fortau er regulert med ein breidde på 2,5 meter.

3.3. Møteplassar (M)

3.3.1. o_M1 – o_M8 er møteplassar langs kommunal veg. Mindre avvik i plassering kan aksepteras. Der parkeringsfelt går utenfor kjøreveg er møteplasser vist som anna veggrunn-grøntareal.

3.3.2. Der parkeringsfelt går utenfor kjøreveg er møteplasser vist som anna veggrunn-grøntareal.

3.4. Anna veggrunn (AVG)

3.4.1. f_AVG5-f_AVG8 er satt av til anna veggrunn . Området kan plantast til eller opparbeidast på anna tenleg måte som ikkje hindrar frisikt.

3.4.2. o_AVG1-AVG2 er satt av til anna veggrun i friskt soner Området kan plantast til eller opparbeidast på annan tenleg måte som ikkje hindar frisikt.

3.5. Kai (SK)

3.5.1. f_SK3 er felles kaiområde for planområdet.

3.5.2. I SK3 kan det opparbeidast kai, badestige og liknande tiltak for å leggje til rette for ålmenn ferdsle og bruk.

3.5.3. SK1 og SK2 er privat eksisterande kaiområde for BFS8.

3.5.4. I SK1 og SK2 kan det ikkje gjerast nye tiltak.

4. Grønstruktur (pbl. § 12-5 nr 3)

4.1. Naturområde – grønstruktur (N/G)

4.1.1. N/G1-N/G4 er områder der eksisterende vegetasjon skal takast vare på.

4.1.2. Det kan etablerast enkle tiltak som fremjar naturopplevinga i området, som samlingsplassar, stiar og benkar. Illustrasjonsplan datert 15.10.15 er retningsgjevande for etablering av tiltak i området.

4.1.3. Området skal vere ope for ålmenn ferdsle og bruk.

5. Landbruk-, natur- og friluftsområde (pbl. § 12-5 nr 5)

5.1. Friluftsmål (LF)

5.1.1. LF1-LF2 er områder med særskilt fokus på friluftsliv.

5.1.2. Eksisterende vegetasjon skal takast vare på i friluftsområdet.

5.1.3. Det kan etablerast enkle tiltak som fremjar friluftslivet i området, som samlingsplassar, stiar og benkar. Illustrasjonsplan datert 15.10.15 er retningsgjevande for etablering av tiltak i området.

5.1.4. Det kan leggjast leidningsnett for vatn og avlaup til sjø i området. Terrenget skal tilbakeførast til opphavleg terreng når tiltaket er ferdigstilt.

5.1.5. Området skal vere ope for ålmenn ferdsle og bruk.

6. Bruk og vern av sjø (pbl. § 12-5 nr 6)

6.1. Småbåthamn (SH)

6.1.1. SH1 er privat område for BFS8 for fortøying. Det kan ikkje etablerast nye tiltak i området.

6.1.2. f_SH2 er felles område for fortøying, båt opptrekk, kai frontar, lunnar og andre mindre tiltak som har ein direkte og naturleg tilknytning til arealføremåla naust/badehus og kai på land.

6.1.3. SH2 skal vere ope for ålmenn ferdsle.

6.2. Friluftsområde i sjø (FS)

6.2.1. FS er område for ferdsle og friluftsliv i sjø.

6.2.2. De kan ikkje etablerast tiltak i område.

7. Omsynssonar (pbl. § 12-6)

7.1. Sikringssone – frisikt (H140)

7.1.1. H140 er sikringssone for frisikt mot veg.

7.1.2. I området mellom frisiktline og vei (frisiktsone) skal det ved avkjørsler vere fri sikt i ein høgde av 0,5 meter over tilgrensande veg sitt plan.

7.2. Sikringssone – branngate (H190)

7.2.1. H190 er sikringssone for branngate mellom bustadfeltet og skogen.

7.2.2. I branngata kan det ikkje førast opp bygningar. Planeringstiltak og vegar kan etablerast i branngata.

7.2.3. Branngata skal opparbeidast slik at eventuell vegetasjon i sona ikkje oppnår høgde på meir enn 1 meter.